



Samarbeidsavtale mellom Hordaland fylkeskommune (HFK) og Høgskolen i Bergen (HIB) - om utviklingsoppgåver og «følgje-med» oppgåver knytt til prosjekt nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse i Hordaland.

1. Pågåande samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Høgskolen i Bergen om folkehelse

Hordaland fylkeskommune har ansvar for regional utvikling innan folkehelsearbeidet i tråd med regional plan for folkehelse 2014 -2024. Fylkeskommunen skal også etter folkehelselova samordne folkehelsearbeidet i regionen. I dette ligg også samhandling med utdanningsmiljø. *Høgskolen i Bergen* driv undervisning, forskning og utviklingsarbeid blant anna innanfor fagområda samfunnsarbeid, folkehelse, innovasjon og leing, innovasjon og entreprenørskap, anvendt teater, fysisk aktivitet og kosthald i eit skolemiljø, idrett, velferd og helse, global helse, psykisk helsearbeid og rus, eigedomsdesign og arealplanlegging, og har mellom anna Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet og Senter for nyskaping.

Partane samarbeider i dag innanfor folkehelseområdet på områder som tener begge partar. Høgskolen i Bergen bidreg vederlagsfritt med sin spisskompetanse knytt til mellom anna utvikling av pilotprosjektet Helsefremjande skule i Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune på si side er praksisplass for bachelorstudentar innan folkehelse, og bidreg vederlagsfritt inn i mot studentundervisning i ulike miljø. Utvikling av samarbeid med kunnskapsmiljø, samt auka samhandling om formidling av forskingskunnskap er også tiltak i handlingsprogrammet 2014-17 til Regional plan for folkehelse.

Samarbeidsfeltet skal vidareutviklast i avtaleperioden.

2. Prosjektsamarbeid om utviklingsoppgåver og «følgje-med» oppgåver – bakgrunn.

Metode, kartlegging og utviklingsprosjektet «nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse i Hordaland» vert gjennomført i perioden 2015/2016-2018. Utviklingsarbeidet er støtta med årlege midlar frå Helsedirektoratet løyvd over statsbudsjettet. I Hordaland deltek kommunane Askøy, Fjell, Stord og Bømlo. Kommunane har hovudansvar for utviklingsarbeidet i eigen kommune. Prosjektkommunane har valt innsatsområder som angår Høgskolen i Bergen sine kompetanseområder som mellom anna involvering av barn og unge, deltaking og medverknadsprosessar, skule og læremiljø, nærmiljøutvikling, fysisk utemiljø og planlegging. Desse innsatsområda har god relevans for samhandling med mange ulike fagmiljø ved Høgskolen i Bergen.

Det ligg ei forventning frå Helsedirektoratet i regelverket for prosjektet, til samhandling mellom fylkeskommune og regional utdanningsinstitusjon. Både når det gjeld tilrettelegging for kompetansebygging om nærmiljø og lokalsamfunnskvalitetane si betydning for folkehelse, men også for å auke implementering av folkehelsearbeid inn i utdanningar. Vidare ligg det ei forventning om at prosjekta vert dokumenterte gjennom «følgje-med»-oppgåver og ein avsluttande «følgje-med»- rapport. Delar av nasjonale prosjektmidlar skal nyttast til desse innsatsområda. Høgskolen i Bergen og Hordaland fylkeskommune har tidlegare samarbeidd om folkehelseprosjekt i kommunane gjennom pilotprosjektet «nærmiljø og folkehelse 2012-14».

Høgskolen i Bergen og Hordaland fylkeskommune etablerer tettare samarbeid i prosjektperioden. Det er også ønskeleg å hente ut kunnskapsgrunnlaget utvikla gjennom pilotprosjektet 2012-2014 «nærmiljø og folkehelse».

3. Overordna mål og delmål for prosjekt nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse

Overordna mål: Gode nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse.

Delmål:

- Betre kvalitative utfordringsoversikter på folkehelseområdet som kunnskapsgrunnlag for kommunale plan- og avgjerdsprosessar.
- Betre kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel, og om korleis folk har det i lokalsamfunna.
- Utvikling av eigna metodar i medverknadsarbeidet.
- Leggje eit grunnlag for konkrete tiltak i samsvar med lokale folkehelseutfordringar.
- Leggje til rette for kompetansebygging med regionale utdanningsinstitusjonar om nærmiljø og lokalsamfunnskvalitetar si betydning for folkehelsa.

4. Mål for samarbeidet i Hordaland

- Bidra til kunnskapsbygging i kommunane.
- Nytte resultat av prosjektet inn i relevante utdanningar ved Høgskolen i Bergen.
- Vidareutvikle samhandling mellom Høgskolen i Bergen og Hordaland fylkeskommune innan innsatsområdet folkehelsearbeid, nærmiljø og lokalsamfunnsutvikling.
- Bidra til auka samhandling mellom Høgskolen i Bergen sine ulike fagmiljø og prosjektkommunane.

5. Samarbeidsområder og ansvarsområder

Hordaland fylkeskommune

- Hordaland fylkeskommune er prosjektansvarleg og prosjektutviklar og skal vere pådrivar for og samordne prosjektet regionalt gjennom m. a. utvikle formidlingsplan for kompetansebygging i kommunane - få fram gode døme – støtte og vegleiing – legge til rette for å overføre erfaringar og kunnskap til andre kommunar i fylket.
- Har ansvar for å koordinere og legge til rette for kompetansebygging og involvere Høgskolen i Bergen i arbeidet der det er relevant.
- Budsjetansvar og rapportering til Helsedirektoratet.
- Vurderer å etablere studentstipend for økonomisk støtte til studentar på Bachelor – og masternivå for å få tilført kunnskap relevant frå utviklingsarbeidet i kommunane.

Høgskolen i Bergen

- Høgskolen i Bergen skal følgje utviklinga av prosjektet.

- Bidra som dialogpartner til gjennomføring av måloppnåinga.
- Delta med støtte og kompetanse på prosjektsamlingar der det er relevant.
- Skal sikre kompetansebygging og integrering av nærmiljø og folkehelse i utdanningar.
- Utarbeide følgje-med rapport og bidra i utvikling av formidlingsplan.

a) **Integrering i utdanningar**

Høgskolen i Bergen vil integrere kunnskap og erfaringar frå prosjektet inn i utdanningane. Høgskolen i Bergen vil arbeide for å kople på studentar i prosjektet, gjennom problemstillingar som er eigna for studentoppgåver på bachelor- og masternivå i samarbeid med prosjektkommunane.

b) **Støtte og kompetansebygging**

Høgskolen i Bergen sin rolle vil vere kunnskapsformidling og utviklingsstøtte, samt bidra med prosesskompetanse og vere dialogpartner. HIB vil vere bidragsytar på eit eller fleire tema etter nærmare avtale der prosjektet har behov for kunnskapsløft for å gjennomføre prosjektet og dei tilhøyrande kommunale prosessane på ein god måte.

c) **Følgje-med rapport**

Det skal utviklast ein skriftleg følgje-med rapport for å få fram arbeidsprosessar, erfaringar og resultat frå prosjektet. Det vil seie å skaffe informasjon som er brei nok og med døme, for å skildre arbeidet som er gjort regionalt og lokalt. Endeleg rapport skal vere ferdig ved utgangen av 2018.

Metode: Høgskolen i Bergen vel relevant undersøkingsmetode i samarbeid med HFK og prosjektkommunane. Helsedirektoratet ser føre seg ei erfarings- og kunnskapsoversikt for å ha eit grunnlag for å utvikle nasjonal rapport/evaluering frå prosjektet.

d) **Formidlingsplan**

Høgskolen i Bergen tek del i arbeidet med utvikling av formidlingsplan, særleg med vekt på å sikre at ny kunnskap om lokalt folkehelsearbeid og nærmiljø blir implementert i HIB sine studieprogram.

6. PROSJEKT RAPPORTERING OG FØLGJE-MED RAPPORT

Hordaland fylkeskommune er hovudansvarlig og rapporterer til Helsedirektoratet både frå kommunane og frå «følgje-med»miljø. Høgskolen i Bergen leverer eit årleg notat til Hordaland fylkeskommune om korleis dei har sikra følgje-med oppgåvene. Høgskolen leverer sluttrapport. Alle rapportar frå fylka skal nyttast i den nasjonale evalueringa. I tillegg til at sluttrapporten frå Høgskolen vert nytta i den nasjonale evalueringa, vert det utvikla ein formidlingsplan for resultat i samarbeid mellom Høgskolen og fylkeskommunen. Høgskolen vil i tillegg nytte resultat frå prosjektet inn i vidare forskingsprosjekt.

7. SAMARBEIDSARENANE

For å kunne følgje-med i prosjektutviklingsarbeidet og legge grunnlag for rapport deltar Høgskolen i Bergen på prosjektmøter, prosjektsamlingar og har andre møtepunkt med fylkeskommunen og kommunane etter nærmare avtale/behov.

8. TILSKOT TIL UTVIKLINGSARBEIDET

Høgskolen i Bergen får tilskot utbetalt årleg frå nasjonale tilskotsmidlar via Hordaland fylkeskommune, for å dekkje utviklingskostnader: kr 300 000,- for 2016, og tilskot på kr. 100 000,- for 2017, tilskot på kr 100 000,- for 2018. Tildelinga føreset årlege budsjettløyve frå Helsedirektoratet jfr. pkt 9. Samarbeidsparten er innforstått med at Hordaland fylkeskommune som prosjektansvarleg har det overordna ansvaret for at kontrakten med Helsedirektoratet vert innfridd.

9. VARIGHEIT

Avtalen vert inngått for eitt år - (innanfor eit kalenderår) - med intensjon om fornying så lenge prosjektet varer knytt til ny årleg tildeling av prosjektmidlar frå Helsedirektoratet.


10. ANNA.


- Hordaland fylkeskommune kan innhente kompetansestøtte i prosjektperioden ved behov for prosjektet frå andre enn Høgskolen i Bergen.
- Prosjektkommunane kan med eigne prosjektmidlar inngå samarbeid med andre kompetansemiljø.
- Høgskolen i Bergen kan i tillegg til følge-med arbeidet utvikle forskingsprosjekt i samarbeid med kommunane om kommunane ønskjer dette, og/eller med andre partnarar.
- Hordaland fylkeskommune er oppdragsgjevar og eigar av resultata, men kan ikkje hindre, prosjektkommunane eller Høgskolen i Bergen å nytta resultat frå prosjektet til å søke nye prosjekt.
- Partane har rett til å publisere eigne resultat frå delprosjekta, men slik at publisering ikkje medfører skade eller ulempe for dei andre prosjektdeltakarane sin bruk av eigne resultat.
- Nødvendig vern for å sikre sjansen til kommersiell utnytting skal kunne føretas før publisering dersom minst ein av partane krev dette.
- Planar om publisering vert sendt partnaren frå den som har brakt fram resultata. Parten har ein frist på 30 dagar frå melding er gjeve til å be om utsetting av publisering for å kunne foreta nødvendig vern.

11. KONTAKTPERSONAR

Høgskulen i Bergen sin kontaktperson er førsteamanuensis Rita Amdal
HFK sin kontaktperson er seniorrådgjevar Else-Marie Brobakke Aarø

Bergen den 04 10 2016


Hordaland fylkeskommune
Direktør for regional utvikling Bård Sandal



Bergen 09.12.16.



Høgskolen i Bergen
Forskningsdirektør Gro Anita Fønnes Flaten

Avtalen føreligg er i to eksemplar- eit til kvar av partane.

Vedlegg: Spørsmål som skal svarast på gjennom den regionale følge-med rapporten

Vedlegg:

SPØRSMÅL SOM SKAL SVARAST PÅ GJENNOM DEN REGIONALE FØLGJE-MED RAPPORTEN

Den regionale rapporten skal svare på dei felles spørsmåla som er formulert av Helsedirektoratet i samarbeid med fylkeskommunen. Dei regionale rapportane i alle deltakar fylka skal gje svar på dei same spørsmåla.

Føremålet er å formidle, kommentere og vurdere røynsler, døme og kunnskap. Røynsler, døme og kunnskap knytt til samarbeid og prosess skal inkluderast.

Hovudtema1 kvalitative metodar:

- a) *Kva ulike kvalitative metodar er brukt for å få fram ny kunnskap om kva som fremjar og kva som hemmar trivsel og helse i lokalmiljøet?*
- b) *Kva kjenneteiknar desse metodane? Korleis er medverknad/deltaking ivareteke?*
- c) *Kva er røynslene ved å nytte desse metodane for å innhente informasjon; utfordringar og moglegheiter?*
- d) *Korleis vert kvalitative data integrert i oversikt over folkehelsa (fhl §5)?*

Hovudtema 2 kvalitativ kunnskap:

- a) *Korleis blir den kvalitative kunnskapen brukt inn i planar og tiltak?*
- b) *Kva kan fremje bruk av kvalitativ kunnskap?*
- c) *Kva er utfordringane?*
- d) *Kor mange kommunar har kvalitativ kunnskap i sine folkehelseoversikter? Kva kommunar?*

Hovudtema 3 kompetanseheving:

- a) *Korleis kar fylkeskommunen ivareteke kompetansebygging i kommunane og i fylkeskommunen, under dette støtte og rettleiing til kommunane?*

Hovudtema 4 lokalt for Hordaland:

- a) *Korleis har dei ulike aktørane/sectorane opplevd deltakinga i prosjektet? Positive og negative erfaringar og konsekvensar.*
- b) *Har prosjektet medverka til auka samarbeid på tvers av sektorar? Og i tilfelle korleis?*

